


Breiflabb



Status og råd


Det var ikkje råd for ICES å føreta ei analytisk bestandsvurdering av breiflabb sør for 62°N i 2015, men tilnærminga ICES brukar for denne datafattige bestanden er å gi råd ut frå trendane i eit skotsk breiflabb-tokt. Grunna positiv utvikling i denne tidsserien vart rådet for 2016 at fangstane kan aukast med 20 % i høve til nivået dei to siste åra.

Dei siste åra har ICES gitt råd for to breiflabbbestandar, ein sørleg som strekkjer seg frå Portugal/Spania og nordover til Irland, og ein i området vest for Skottland og Nordsjøen/Skagerrak. Bestanden nord for Stad heng nok til ein viss grad saman med den vi finn i Nordsjøen, men vert førebels rekna som ein eigen bestand. Denne vart for første gong vurdert av arbeidsgruppa for nordaustarktiske bestandar i 2013. Data frå garnfiske etter breiflabb viser ein reduksjon i fangstrater på om lag 20 % dei siste fem–seks åra, medan totalfangstane er reduserte med 77 % sidan 2010. Mest sannsynleg har den totale innsatsen i dette fisket blitt kraftig redusert i same tidsperiode, men dette kan ikkje kvantifiserast. Med ei framtidig betring av datagrunnlaget vil målsettinga vere at arbeidsgruppa legg fram råd om forvaltninga av denne bestanden.

Fiskeri

Den norske totalfangsten av breiflabb i 2015 var på ca. 1 450 tonn. Det er 4 900 tonn mindre enn toppen ein hadde i 2010. Fram til 2010 hadde fangstane auka jamt og meir enn tredobla seg sidan 1997. Etter 2010 har vi hatt ein jamn, kraftig nedgang i fangstane. Tidlegare vart meir enn 80 % av den norske fangsten teken nord for Stad, men i 2015 hadde dette falle til 65 %. Nord for Stad er det berre ubetydelege fangstar frå andre nasjonar, medan vi sør for Stad deler breiflabben med andre nordsjøland. Dei norske fangstane utgjør 5–10 %. Skottland står her for mesteparten av uttaket, medan Danmark ligg på om lag same nivå som Noreg.

Det norske fisket blir for det meste drive frå sjarkar med stormaska garn nær kysten både nord og sør for Stad. Dei andre nasjonane fiskar mest med botntrål. Det norske fisket er i stor grad retta mot den kjønnsmodne delen av bestanden, medan trålfisket i Nordsjøen helst tek mindre, umoden fisk. Forvaltninga av breiflabbbestandane må sikre at nok fisk overlever til kjønnsmoden storleik. Slik sett er ikkje fiske-mønsteret i Nordsjøen like berekraftig som det vi har nord for Stad.



Norske landinger (i tonn rundvekt) av breiflabb.
Norwegian landings (tonnes) of anglerfish (*Lophius piscatorius*).

Breiflabb – *Lophius piscatorius* – Anglerfish

Andre namn: Flabb, marulk, ulke, sjødjewel, havtaske og storkjef

Familie: Lophiidae (breiflabbfamilien)

Gyteområde: Kontinentalskråninga (1000–1800 m) vest for Storbritannia, men òg i norske fjordar og djupare delar av sokkelen

Føde: Fisk, krepsdyr og blekksprut

Levetid: Meir enn 25 år

Maks storleik: Kan bli 2 m lang

Særtrekk: Breiflabben ligg vanlegvis på botnen og viftar med ryggfinnestrålen for å lokke til seg småfisk. Byttet blir soge inn i gapet på fisken når han opnar kjeften.

Nøkketal:

NORSK FANGSTVERDI 2015: Ca. 30 mill. kroner



Fakta om bestanden:

Breiflabb i det nordaustlege Atlanterhavet høyrer eigentleg til to nærstående artar. Dei norske fangstane er nesten utelukkande arten *Lophius piscatorius* (kvit bukhole), medan det berre er ca. 1 av 1000 som høyrer til arten *Lophius budegassa* (svart bukhole).

Breiflabb er ein typisk botnfisk, sjølv om den stundom vert funne høgt oppe i vassøyla. Sannsynlegvis lettar den frå botnen og nyttar havstraumane i samband med nærings- og gytevandring. Den kan treffast i strandsona og vidare nedover i djupe fjordar. Lengre sør i Atlanterhavet er den også vanleg ned til djupner på over 1000 meter. Breiflabben er utbreidd frå Barentshavet til nordlege delar av Vest-Afrika, den finst i Middelhavet og Svartehavet. Vestgrensa går ved Island.

Breiflabben er ein rovfisk som har få naturlege fiendar i vaksen alder. Den ligg i ro og lokkar til seg bytte ved hjelp av den fremste finnestråla. Den fungerer som ei fiskestong med ein hudflik som agn. Alle typar fisk som kjem nær nok den store kjeften, vert slukte når breiflabben raskt opnar gapet og syg byttet inn. Ein har jamvel funne sjøfugl og oter i magen på breiflabb. Merkeforsøk dei siste åra har vist at breiflabben er i stand til å gjennomføre relativt lange vandringar, men det er framleis noko uklart korleis dynamikken i gyte- og næringsvandring er hos arten. Enkeltfisk har vandra frå Nordsjøen til Færøyane, Island og norskekysten heilt opp til Vesterålen, og fisk merkt på Møre er fanga att i Nordsjøen og ved kysten av Nordland.

Sidan 2001 er det særleg i områda nord for Halten at fangstane har teke seg opp, og i 2007 og 2008 kom om lag 45 % av dei norske landingane frå desse områda. I 2009 vart, for fyrste gong, meir enn halvparten teken i dette området. Det kan tyde på at breiflabben fekk ei meir nordleg utbreiing langs norskekysten i desse åra. Dette kan vere eit resultat av eit varmare havklima, sidan desse nordlegaste områda er heilt i randsona for breiflabben si utbreiing.

Kontaktperson: Otte Bjelland | otte.bjelland@imr.no